



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14880 - 21/87953

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
29.12.2021

Igangsettingsløyve for heile tiltaket - gbnr 213/6 m. fl Eikanger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1383/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av heile arbeidet knytt til godkjend trafikksikringstiltak på følgjande vilkår:

1. Oppdatert teikningsdokumentasjon mottatt 02.12.2021 vert lagt til grunn for etablering av tiltaket.
2. Rammeløyve av 19.11.2020 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for trafikksikringstiltaket som er godkjend etablert i rammeløyve datert 19.11.2020. Søknaden gjeld heile tiltaket.

Tiltaket er ytterlegare detaljert ved innsending av søknad om igangsetjingsløyve. Oppdatert teikningsmateriell følgjer søknaden.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.12.2021.

Plassering

Oppdatert teikningsmaterieil viser ytterlegare detaljert tiltak. Mellom anna er det utarbeidd VA-plan som viser etablering av vass- og avløpsleidning gjennom parkeringsplass for framtidig tilkopling, og overvassleidning som vert ført til bekk, jf. teikning GH001. Dette gjekk ikkje fram av situasjonsplanen som låg føre ved søknad om rammeløyve.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.12.2021, og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen AS har overtatt rolla som ansvarleg søkjar. Erklæringar om ansvar går elles fram av gjennomføringsplan versjon 1 som er datert 01.12.2021.

VURDERING

Plassering

Oppdaterte teikningar vert lagt til grunn for etablering av tiltaket.

Det vert lagt til grunn at nytt teikningsmaterieil er i samsvar med godkjend plassering av tiltaket slik den går fram av godkjend rammeløyve, og er i tråd med godkjend avkøyringsløyve datert 04.09.2020, dispensasjon frå byggegrense langs kommunal veg datert 04.09.2020 og dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 5464 datert 17.09.2020.

Plan

Det vert lagt til grunn at tiltaket er plassert i tråd med godkjend plan og gitt dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan gitt i vedtak datert 18.11.2020.

Del av overvassleidningen slik den går fram av VA-planteikning GH001 skal plasserast i område avsett til LNF-føremål og innanfor byggegrensa både mot sjø og vassdrag.

Det vert vurdert at etablering av overvassleidningen ikkje er i strid med byggegrensa mot sjø og vassdrag, jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen for Lindås der det går fram at

Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphævelege.

Det vert vidare vurdert at dispensasjon frå arealføremålet heller ikkje er nødvendig, jf. skriv frå KMD datert 10.06.2015. Overvassleidningen skal gravast ned, delvis i eksisterande VA-grøft, og terrenget skal reetablerast, slik at dagens bruk kan oppretthaldast.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det går fram av gjennomføringsplan versjon 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14880

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

D1 DEL 2_BILAG_8 - Plan og profil C001

D2 DEL 2_BILAG_9 -Flom og avrenningsmønster

Vedlegg:

D3 DEL 2_BILAG_10 -Overvann O1 GH003
D4 DEL 2_BILAG_11 -Overvann SF4 til O2 GH00
D5 DEL 2_BILAG_12 -Plan og profil VL og SP
D6 DEL 2_BILAG_13 -Sandfang og kumskisser G
D7 DEL 2_BILAG_14 - Typiske OV-kummer og SF
D8 DEL 2_BILAG_15 -VA Plantegning GH001
D9 DEL 2_BILAG_16 - Plan og profil C001 med

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
---------------	------------	------	----------

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
---	------------	------	----------